



Til alle kommunar i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Elisabeth Larsen, 5557 2162

elisabeth.larsen@statsforvalteren.no.

CRPD-prosjekt Vestland 2023-2025 – ber om kontaktpersonar

I samband med implementering av CRPD (FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne) i kommunane i Vestland, ber vi om kontaktpersonar. Vi ber dykk melde inn aktuelle namn og kontaktinformasjon for CRPD – arbeidet i kommunen til oss **innan 22.januar 2024, til e-postadresse elisabeth.larsen@statsforvalteren.no**

Kommunane står fritt til kven i kommunen dei utnemner til kontaktpersonar for arbeidet med CRPD, men det bør vere ein person som har brei kontaktflate internt i kommunen. Arbeidet med CRPD høyrer ikkje til eit bestemt fagområde, då konvensjonen vedkoma alle fagområde, både helse, oppvekst, plan og andre område.

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal sikre lik tilgang til menneskerettane for personar med funksjonsnedsetting. Konvensjonen beskriv korleis styresmaktene skal jobbe for å sikre menneskerettane slik at alle kan delta på lik linje i samfunnet.

Frå 2023 fører Bufdir vidare eit pågåande arbeid med å auke kunnskapen om og gjennomføringa av CRPD i alle kommunar i Noreg. Arbeidet er organisert som eit prosjekt frå 2023 til 2025, og vil omhandle informasjon og opplæringsaktivitetar både via webinar og fysiske samlingar. Prosjektet har høg politisk prioritet og er viktig fordi vi i dag veit at menneskje med nedsett funksjonsevne ikkje er likestilte på mange samfunnsområde. Meir kunnskap om menneskerettane i kommunane vil føre til auke likestilling og betre tenester for den enkelte.

Måla med arbeidet er at:

- Personar med funksjonsnedsetting vert likestilt med andre innbyggjarar i kommunane.
- Dei som jobbar i kommunane får auka kunnskap om det konkrete innhaldet i CRPD og korleis dei kan nytte konvensjonen i arbeidet sitt.
- CRPD vert ein del av saksbehandlinga og dei vurderingane som vert gjort i kommunane.
- Kommunen sine vedtak vert rett og har god kvalitet, og det vert med det færre klager til både kommunane og til statsforvaltarar.



For å få til ei god implementering av CRPD i Vestland, ber vi som nemnt om ein kontaktperson, med vararepresentant, frå kvar kommune. Vi vil invitere kontaktpersonane i kommunane, saman med representantar frå leiinga til kommunen, til eit webinar **15.02.24 kl.12.00 til 14.00** om det vidare samarbeidet. Kontaktpersonane vil vidare verte halden oppdatert om ressursar og aktivitetar som kan verte nytta i kommunen sitt arbeid med å implementere konvensjonen.

Kontaktperson hjå Statsforvalteren i Vestland for CRPD-prosjektet er prosjektleiar/seniorrådgjevar Elisabeth Larsen.

Med helsing

Sjur Lehmann
fylkeslege/avdelingsdirektør

Elisabeth Larsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent